




Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 3. september 2013

NVE

FRÅSEGN – HENNAELVA KRAFTVERK I HALSA KOMMUNE

Naturvernforbundet har gått ein mindre bit av den planlagde utbyggingsstrekninga 24.8.2013. Sjølv om vi ikkje gikk så lang strekning, har vi fått ei oppfatning av at vurderinga av denne strekninga kan ha gitt feil naturtype.



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Vi har merka oss at det er forskjellig oppfatning av delar av dette området mellom småkraftverksrapporten og undersøkingane knytt til E39. Noko av grunnen kan skuldast at det berre er øvste delen av området som er meir typisk bekkekløft. Vi meiner at resten av det området som er markert med raudt heller kan reknast som ravinedal. Det var først i 2012 at naturtypen ravinedal kom i bruk. Det er her tale om ei strekning på kring 600 meter. Ravinesidene er opp mot 25 m i store delar av området. NGU sitt lausmassekart fortel om breelvavsettingar i heile området markert med raudt ovafor. Dei geologiske tilhøva aleine tilseier verdi (god) B, og så vil verdien kunne bli auka om det er andre verdiar til stades.

Vi gjekk langs elvestrengen i midtre del av området merka med raudt ovafor. Sjølv om vasstrengen er tilgjengeleg, er det tidkrevjande då ein anten må krysse elva eller klatre opp sidene stadig vekk. Sidene har elles rasvinkel og høg vegetasjon, og er mindre eigna for slik ferdsel. Tida strakk difor ikkje til for å gjere særleg nøye undersøkingar av vegetasjonen.

På den strekningen vi gjekk fann vi alm (NT). Eit av trea var av betydeleg storleik, over 50 cm i tverrmål. Vi fann ikkje alm med grov bark, så vi er usikker på om det er potensial for sopp og lav knytt til gamal alm, men vil ikkje sjå vekk frå det. Det såg også ut til at det kunne vere læger av alm i skråninga. Vi meiner at førekomsten av alm her kan gi eit potensiale for raudlisteartar som ikkje er tilstrekkeleg kartlagd. Det at ein har lausmasseavsettingar i området gir også eit høgare potensial enn berggrunnen i seg sjølv.

Vi merker oss elles at biologen ikkje har vore nede i ravinedalen anna enn på eit punkt der det er tatt belegg og ved fossen øvst. Vi skjønar jo kvifor biologen ikkje har tatt seg tid til å gå elva, og det var vel heller ikkje eigna tidspunkt 18. mai, men det er etter vår meining opplegget at dei som har betalt for det får gjere tilstrekkeleg kartlegging, og ikkje overlata slikt til oss som gjer dette på dugnad. Dette er ikkje tilstrekkeleg kartlegging for dette området.

Det blir elles vist til i rapporten at «Eksisterende datagrunnlag ble vurdert å være middels godt før befaring. Etter feltundersøkelser av flora, fauna, vegetasjonstyper, naturtyper, moser og lav, samt prøvefiske for å kartlegge status for anadrom fisk, vurderes datagrunnlaget å være godt.»

Så langt vi kan sjå er det på artskart ikkje teikn til at elva er gått av biolog tidlegare, sidan det ikkje er ein einaste observasjon knytt til mellom anna området merka med raudt over. Og når kartleggar i denne saka heller ikkje har gått elva, men langs jordekanten, med eit par unnatak, så kan vi ikkje forstå korleis ein kan rekne kunnskapsstatusen som god.

Vi vil elles peike spesielt på at det i dette området no er bygd ganske mange kraftverk. Det er svært få vassdrag igjen av nokon storleik som ikkje er påverka av redusert vassføring i lange periodar. Dette må føre til vurderingar etter naturmangfaldloven § 10. Sjølv vassdrag med det ein vil kalle heilt vanleg natur kan ein risikere at ein berre har litt igjen av der vatnet renn fritt i dette området. I dette høvet kan det vere tale om eit vassdrag der ein har naturtypen ravinedal med verdi B eller moglegvis verdi A. Denne naturtypen er lite kartlagd i området, men slik vi kjenner området er det ikkje særleg mange vassdrag som kan ha denne naturtypen og med ein viss verdi i denne kommunen eller regionen.

Det skal elles vere ein gjennomgang av om det er vassdrag med liknande kvalitetar i regionen. Denne gjennomgangen har vi ikkje oppdaga, men det er mogleg vi kan ha oversett denne.

Det er søkt om slepp av minstevassføring 56 l/s jamt for heile året. Sjølv om det blir forbislepp av vatn ved mindre flaumar, vil ein få mykje mindre variasjon i vassføringa over mykje lengre periodar enn det ein har i dag. Ei slik jamn og låg vassføring meiner vi er negativt, og at ein då bør sleppe noko meir enn det som er omsøkt for å oppvege for noko av ulempa med langvarig jamn og låg vassføring.

Det er elles kjent nyleg at det er gitt konsesjon for utbygging av store mengder vindkraft i regionen, dvs. store mengder med uregulerbar kraft. I ein region som har lågare andel med regulerbar kraft frå før enn resten av landet, bør ein la vere å bygge eit kraftverk i ei elv som ikke gir meir enn 4,7 GWh og betydeleg risiko for negativ påverknad av biologisk mangfald.

Med vennleg helsing


Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi: Fylkesmannen

Alle bileta er tatt 24.8.2013, omtrent i posisjon 32V MR 7000 0020



Det ligg på denne staden stokkar i elva.



Elva har ei skuggeside og ei solside. Dette vil normalt auke mangfaldet. Å karakterisere elvestrekninga med «Kløfta er på mye av strekningen forholdsvis åpen og ventilert» er nok ikkje heilt presist.



Ein del tre, her alm, var mosegrodde ganske høgt på skuggesida av elva. Elles kan ein sjå lauv av alm øvst i biletet.